

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Referanser:

Dykkar:
Vår: 18/169 - 18/7573

Saksbehandlar:

Gjertrud Karevoll
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Dato:

16.10.2018

Melding om vedtak - Innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land

Saka er behandla i Kommunestyret 01.10.2018 - Sak 58/2018

Det er gjort slikt vedtak:

Vaksdal kommune har stilt store naturressursar til rådvelde for storsamfunnets behov for energi. Det er i Vaksdal det regionale kraftselskapet BKK produserer mest vasskraft. Det går store kraftliner gjennom naturperlar i Bergsdalen, Eksingedalen og i Vaksdalsfjella. Desse områda er viktige for rekreasjon for innbyggjarar i heile Bergensområdet, har eit rikt fugleliv med mange ulike artar, beite for små- og storvilt m.a. hjort og vill- og tamrein.

Det er Vaksdal kommunestyre sitt syn at me ikkje treng landbasert vindkraft

Når det gjeld konkrete innspel til NVE sitt brev av 08.06.18 har kommunestyret i Vaksdal slikt innspel om viktige regionale interesser:

Av dei 43 analyseområda er dette ei attendemelding i høve område 17 og område 18.

Område 17:

Bergsdals- og Vaksdalsfjella i Vaksdal kommune har registrerte områder med urørt natur. Bergsdalsfjella sør er eit viktig regionalt turområde med populære DNT-hytter. Bergsdalsfjella (både nord og sør) har reinsdyrstammer som vert forvalta som tamrein. Høgafjellet på Osterøy er i dag eit område med urørt natur og er på lik line med Bergsdalsfjella eit viktig regionalt turområde. Vidare vil kommune gjere merksam på Veafjorden sitt særskilte kulturmiljø. Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord, og del av Nordhordland biosfæreområde.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967



VAKSDAL KOMMUNE

Område 18:

Her finn ein mellom anna inngangsport til Stølsheimen landskapsvernområde som har høge natur og landskapskvalitetar. Området omfattar og Fjellheimen villreinområde. Stølsheimen er og ein del av Nordhordland biosfæreområde.

Nordhordland biosfæreområde er kandidat til å eit UNESCO Biosfæreområde – Vestnorsk kystlandskap og menneska som bur her; <http://www.nordhordlandbiosphere.no/>
Vaksdal kommune si kartlegging og verdisetting av friluftsområde (2017) er å finna i www.naturbase.no Dette gjeld også INON (Inngrepsfrie naturområder i Norge)

Kommunestyret i Vaksdal kommune vil tilrå at områdene 17 og 18 vert teke ut av nasjonal ramme og vurdert som ikkje eigna for vindkraftutbygging grunna høge natur, landskap, kulturlandskap og friluftstinteresser.

Rett utskrift:

Sølvi Legård
Politisk sekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Mottakar:

Norges vassdrags- og energidirektorat

Kopi til:

Gjertrud Karevoll